



>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<

BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland

**GOD SOMMAR TIL ALLE I BYGLAND OG SETESDAL**

LANGEIDSVERDET OG VIKING-UTSTILLINGA I BYGLAND

LES MEIR - S.4, 8-10 <<<

Sommaren i Bygland byr på både festivalar, utstillingar, folkemusikk - og -dans, idrettsstemne, kafébesøk, pubkveldar eller strandliv.

VITNEMÅLSFEST VED BYGLAND SKULE



MERKETIDER JULI 2026:

11./12. juli: Ose Matmarknad, Ose i Bygland

17.-26. juli: Gamaveka Extreme 2026 - Luftsportfestival på Bygland

29. juli: Olsok - Gudsteneste i Sandnes kapell, Sandnes

>>> LES MEIR - S. 4

Vikingutstillinga på Bygland bibliotek held ope i sommar og byggjer opp stemninga i bygda fram mot Lislefarm og avdukinga av Langeidsverdet.

SOMMAROPNE ATTRAKSJONAR I BYGLAND

>>> LES MEIR - S. 5

Avgangselevane ved Bygland skule vart feira med ein stor vitnemålsfest på Bygland kulturscene. Vi ønskjer elevane alt godt vidare på vegen. ❤️



ORDFØRAREN SI SIDE

HELING FRÅ ORDFØRAREN

ORDFØRAREN I BYGLAND,
RUNAR GRANHEIM

Kjære alle saman!

Sommaren i Bygland er noko heilt for seg sjølv. Fjorden vår ligg blank og innbydande, med strender, båtliv og lange sommarkveldar.

Det skjer utrueleg mykje positivt i kommunen vår, og me har mange flotte arrangement framover. Eg vil særskilt trekkje fram dei herlege dagane under Gama Veka og den tradisjonsrike Matmarknaden på Ose, som verkeleg viser fram det beste av det me har å by på.

Eg vil tilrå alle å besøke Landesbogen Kunstsanatorium, som har åpent gjennom sommaren. Der kan ein kombinere det med

ein tur til den flotte dagsturhytta vi har. Elles er også Bygland museum åpen kvar dag frå kl 10 til 16. Ein kan også ta ein tur med Bjoren, som nyleg blei freda av Riksantikvaren. Det er mykje fint å sjå og oppleve i heile kommunen gjennom sommaren!

Sjølv om mange tek ferie, er det fleire som står på for oss kvar einaste dag. Eg vil retta ei stor og varm takk til alle dei som jobbar for å halde hjula i gang i sommar – ikkje minst dei tilsette innan helse og brann, som passar på tryggleiken og velferda vår.

Eg vil også rette ein stor takk til Frivilligsentralen og BUA, som tilbyr gratis aktivitetar for born og unge gjennom sommaren, der dei er saman og finn på mykje triveleg saman, både på Byglandsfjord og Bygland.

Til slutt vil eg nevne at Langeidsverdet kjem opp tidleg i august, og skal avdukast under Lislefarmen som er siste helga i august. Det blir skikkeleg stas!

Eg ønskjer dykk alle – både fastbuande, hyttefolk og besøkjande – ein strålande og opplevingsrik sommar her i vakre Bygland!

Mvh Runar Granheim, ordførar i Bygland



REDAKSJONSNOTA I BYGLANDSNYTT NR. 83

Ansvarleg redaktør: Simon Ellingsberg - **Redaktør:** Susanne Hegenscheidt

Bilete: Framside: Ose Matmarknad; Innhald (m.m. anna er spesifisert): S. Hegenscheidt;

Kva skjer: Gamaveka Extreme / Bygland kommune

Arkiv: bygland.kommune.no/byglandsnytt

Byglandsnytt august 2026: 31.07.2026, skrivefrist 28.07.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt



OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00; **OBS! stengt 23.07.**

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117 - Ambulanse 113**
 telefontider mandag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
 tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00; **OBS! Feriestengt veke 26 t.o.m. 33.**
- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
 mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00

EVJE TANNLEGEKLINIKK



Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
 Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95
 Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025
 Vi har eit godt utval av bøker og tidsskrift for alle.
 Vi har òg Setesdølen og bygdebøkane Bygland
 gard & ætt.

På Bygland er det høve å sjå vikingutstillinga og kopi av Hylestadportalen.

Open vikingutstilling veke 28-32, torsdag/frdag kl. 11-14

BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- mandagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 09.00 -12.30 og 14.30 - 17.30

**BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE,
 4741 BYGLANDSFJORD**

- mandagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.30

OBS! Folkebiblioteket er feriestengt 01.07. - 09.08.2026





SAMFUNN

LANGEIDSVERDET

I samband med årets Lislefarmen skal skulpturen av Langeidsverdet avdukast laurdag 29. august. Til bygda kjem det folk frå nær og fjern for å ta del i denne markeringa av Bygland si mektige vikinghistorie. I samarbeid med Husflidslaget blir det planlagt mykje moro for både barn og vaksne i samband med arrangementet. Nøyaktig tidspunkt for avdukinga vil bli annonsert om kort tid.



Bilete: Vemund Guldbrandsen/ Bygland kommune

KULTUR

OPEN VIKINGUTSTILLING PÅ BIBLIOTEKET PÅ BYGLAND - SOMMAR 2026

I veke 28-32 er vikingutstillinga i gamle bankhvelvet på Bygland bibliotek open torsdag og fredag frå kl 11.00-14.00. Takk til dei frivilljuge som formidler lokal historie til både fastbuande og tilreisandeholder og holder utstillinga open denne sommaren!



Om vikingutstillinga i Bygland

Vikingutstillinga opna i 2024 i det nye biblioteket i Sentrumsbygget på Bygland (Sentrum 16). Her får du sjå spennande funn frå vikinggraver på Neset og Frøysnes, mellom anna originale gjenstandar som sverd, smykke og spinnehjul – mange av dei utlånt frå Kulturhistorisk museum i Oslo. Du får òg sjå ein gamal vevstol frå yngre jernalderen (fra 550 evt. til cirka 1050 evt) som blei brukt heilt fram til vikingalderen

LISLEFARM 2026

Laurdag 29. august skipar Bygland Husflidslag på nytt til Lislefarm med temaet vikingtid.

Her får me oppleve vikinghandverk og vikingsmat, kanskje litt kamp – og avduking av Langeidsverdet!



SETESDALSMUSEET

Velkomen til opning av Tveitetunet - 11. juli kl. 12:00

Velkomen til slåttedag på Tveitetunet - 18. juli kl. 11:00

- **Frå 23. juni til 9. august er alle tuna våre ope kvar dag frå kl. 10:00-16:00.**

Setesdalsmuseet, Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad; setesdalsmuseet.no

OPPVEKST



Bilete: Bygland skule

VITNEMÅLSFEST PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Avgangselevane ved Bygland skule vart feira med ein strålende vitnemålsfest på Bygland kulturscene onsdag 17. juni 2026.

Onsdag 17. juni 2026 vart det ei høgtideleg og minnerik stund då Bygland skule inviterte til vitnemålsfest på Bygland kulturscene. Elevar, føresette og tilsette samla seg for å markere slutten på ti år med skulegang og byrjinga på eit nytt kapittel for avgangselevane.

10. klasse stod sjølve for mykje av programmet og gav publikum ei variert og innhaldsrik oppleving. Kvelden baud på både humor, alvor og gode tilbakeblikk på skuletida, og det var tydeleg at elevane hadde lagt ned mykje arbeid i førebuingane.

«10. klasse gav oss ei strålende oppleving i går kveld, då dei feira at dei var ferdige med 10 års skulegang. Vitnemålsfesten er ein fin tradisjon der skulen og 10. klasse inviterer familien til ei feiring med både humoristiske og meir seriøse innslag. Bygland skule er stolte over å kunne sende denne flotte gjengen ut i verda og vidaregåande skule. Lykke til!» seier Lene Fjerdingstad, rektor ved Bygland skule.

Stemninga i salen var prega av både glede og vemod, då elevane fekk utdelt vitnemåla sine og vart heidra for innsatsen gjennom grunnskulen. For mange var dette eit viktig vendepunkt, der venegjengar, lærarar og gode minne vart takka for.

Bygland skule kan sjå tilbake på ei vellykka markering av avgangskullet, og ønskjer elevane alt godt vidare på vegen mot nye mål og moglegheiter.

Skuleferie sommar 2026: 19. juni - 12. august - GOD FERIE!

SOMMERLES 2026 - FARLEGE SKURKESTREKER!

Sommerles er en lesekampanje i regi av bibliotekene – for alle barn i 1.– 7. trinn.

Kampanjen varer fra 1. juni til 31. august, og målet er å gjøre lesing morsomt gjennom hele sommeren. Registrer deg på **Sommerles.no**, ver med på lesefest og vinn kule premier!





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



**Me tek sommarpause på frivilligsentralen og er tilbake midt august.
BUA Bygland har open og er i full sving med både utlån av sportsutstyr og
sommaraktivitetar for Bygland sine barn og ungdom. God sommar!**

Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka



NOKO GØY I SOMMAR:

Fire ungdommar tilbyr sommaraktivitetar for barn og ungdom på BUA i vekene 27 og 28. Det vert aktivitet måndag til fredag.

I tillegg vil BUA vere open kl. 10.30 -18.00 (stengt laurdagar og søndagar)

BUA telefon: 94502858

Me har framleis plass til fleire born! Alder: 1-10 klasse (OBS! Aktivitetar på vatn er for 4 klasse og oppover). Meld bornet på i spond! Kode til spond er: MPFPK.

Merk at ein må godkjenne alle samtykker som ligg i SPOND før bornet kan delta.

Alle aktivitetar er gratis.

BUA BOKS:

Bua boksane er no opna og tilgjengelege ved Årdalshallen, Byglandshallen og ved grendehuset i Åraksbø.

Både vaksne og born kan låne.

Du eller barnet ditt treng berre laste ned appen, og lage ein profil.

For at barnet ditt kan låne sjølv, gjer følgande:

Du startar med å laste ned appen på mobilen til barnet (eventuelt logger du ut på din eigen først). Så registrerer du ein ny profil for barnet ditt. Når barnet logger inn i appen, vil du få opp ein banner som ber om å verifisere profilen. Der får du to val. Då vel du «under 18 år», og du får generert ei lenkje via Vipps der du må godkjenne at du står som ansvarleg lånar for barnet.



OBS: dette er ein pilot. Det betyr at ting kan gå gale i appen, eller med boksane. Er det feil eller utfordringar med boksane kan du sende ein sms til 94510770, der du forklarar litt om kva som var problemet. Dette melder BUA vidare til utviklar, og på den måten kan løysinga verte betre.



BYGLAND
FRIVILLIGSENTRAL
OG BUA BYGLAND

FRILUFTSSKULE:

Midt-Agder Friluftsråd kjem med Friluftsskolen sin til Bygland kommune - **Uke 33, mandag 10. - onsdag 12. august.** Tilbodet er eitt samarbeid med BUA Bygland/Frivilligsentralen. Det er gratis å vere med for alle som gjeng i 5-7 klasse.

Friluftsskulen skal vere eit positivt og lystbetont ferietilbod i nærmiljøet og skal leggje grunnlag for varige friluftsvanar. På friluftsskulen kan du delta på spennande friluftaktivitetar samtidig som du lærer litt om Allemannsretten og ferdselskultur; Kartforståing på tur; Raste- og leirplass; Grunnleggjande førstehjelp.

Friluftsskulen blir arrangert på dagtid (kl. 09–15) frå måndag til onsdag. I tillegg til dei nemnde temaa blir det tid til mange morosame aktivitetar ut frå lokale forhold, som til dømes: Mat på bål/stormkjøken; Frisbeegolf; Vassaktivitet; Leik.

Påmelding på nettet: Friluftsskolen - Midt-Agder Friluftsråd



🌲🔥 FRILUFT UNG – FOR DEG SOM ER 13+! 🔥🌲

Er du klar for nye opplevingar, action og å bli kjent med andre ungdommar? Då er Friluft UNG noko for deg!

Friluft UNG er eit heilt gratis fritidstilbod for ungdom frå 13 år og oppover. Bur du i Bygland, eller kjem du frå ein nabokommune? Du er like velkomen!

Gjennom året skal vi finne på masse spennande aktivitetar saman. Dette er eit samarbeid mellom Bygland Frivilligsentral og Midt-Agder Friluftsråd, saman med fleire kommunar i regionen.

🚀 Kvar månad blir det ein ny aktivitet på kveldstid.

🍕 På alle aktivitetane får du også noko godt å ete – heilt gratis!

😎 Du treng ikkje vere ekspert. Her handlar det om å prøve nye ting, ha det gøy og skape gode opplevingar saman med andre.

🧑‍🔧 Første aktivitet: KLATRING med Benny!

📅 30. juli

Har du lyst til å teste høgda, utfordre deg sjølv og kjenne meistringskjensla når du kjem til toppen?

Då må du bli med på klatring med Benny!


Du treng ikkje ha klatra før – alle får god opplæring og tett oppfølging. Tryggleiken kjem alltid først, så du kan fokusere på det viktigaste:

😁 Å ha det skikkeleg gøy!

Ta med ein ven (eller fleire), og bli med på ein kveld full av utfordringar, latter og nye opplevingar!

Me gler oss til å sjå deg! ☀️

Meir informasjon (tid, oppmøtestad) legg me ut på frivilligsentralen si Facebook sida.





BYGLAND OG ÅRDAL SOKN


BYGLAND KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sentrum 18, 4745 Bygland; bygland.kyrkje.no
og FB

Prestvikar: Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjeverje: Anne Synnøve Ropstad: 90 91 66 64

Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



• Gudsteneste

- 05.07. kl. 12.00 Friluftsgudsteneste på Austadneset, Ose i Bygland
- 12.07. kl. 11.00 Gudsteneste på KVS Bygland
- 29.07. kl. 18.00 Olsoksgudsteneste i Sandnes kapell, Sandnes

• Bibel- og naturcamp på KVS Bygland 05.-12.07. bibelognaturcamp.no/

• Andakt på Byglandsheimen, Soknerådet og Herre café. tek sommarpause

MARKERING PÅ AUSTAD GAMLE KYRKJEGARD -

Sundag 16.08. kl. 13.00

- Restaurering av kyrkjegards-muren ved Eystein Greibrokk
- Avduking av minnestein
- Ustilling i klokketårnet
- Kulturelle innslag



Bilde: Torhild Austad

Over heia - Landeskogen pREåpning

KUNSTUTSTILLING

57 KUNSTNERE FRA ROGALAND OG AGDER



30. MAI - 30. AUGUST

Over the Heath

Art Exhibition in the historic
Landeskogen Sanatorium.

- 6km fra Byglandsfjord
- 17km fra Evje
- 18km fra Bygland

Über die Heide

Kunstaustellung im historischen
Landeskogen Sanatorium.

ÅPNINGSTIDER

17. Juni - 16. August
Daglig/Daily/Täglich 11:00 - 17:00

19. August - 30. August
Ons-Søn/Wed-Sun/Mi-So 11:00-17:00



Landeskogvegen 86,
4742 Grendi



www.landeskogen.com



BYGLAND TRIATLON 18. JULI

Er du ein dreven triatlet eller berre har lyst til å prøve deg for første gang? Her får du ein fin arena å debutere i. Me stiller med støttefunksjonar, lav terskel, variert nivå og garantert god stemning! Distanser: 1500m symjing - 40km sykling - 10km springing.

Oppstart kl. 09.00; Bjoren Brygge, Bygland



TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING - JULI 2026

- Papir og plast: veke 28: tysdag 07.07.
- Matavfall og glass/metall: veke 28: torsdag 9.07.
- Matavfall og restavfall: veke 30: torsdag 23.07.



GJENVINNINGSTASJONER


- Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (08.07.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (25.07.)
- Syrtveit, Evje: Fri levering av sortert husholdningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (11.07.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS, e-post: post@smg-iks.no; heimeside: smg-iks.no, tlf. 901 94 724

KORLEIS FÅR DU NYE SØPPELPOSER?

Ønskjer du nye matavfallsposer eller sekker for returplast, hugs å knytte ein slik pose/sekk på dunken ved neste tøminga.

Sjåførane til Setesdal Miljø & Gjenvinning legger da igjen ei ny pakke til deg, med mindre søppelbilen er tomme for nye poser/sekker.



YMSE

TURISTINFORMASJON PÅ BYGLAND I STOGA KAFÉ

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 906 65 459

Stoga A/S leverar turistinformasjonstenesta i Bygland.

Her får du informasjon og turtipps, kaffe og snacks. Stoga arrangerer også kulturarrangement, og guida turar på førespurnad **Vert og guide: Olav Grendstad.**

Ope alle dagar kl. 11 - 17.

Bygland Museum, Prestneset, Bygland: ope dagleg kl 10 - 16

STOGA SCENECAMP 2026

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 906 65 459

27. juli - 2. august - egden.no/scenecamp

Ein veke residens for frilanskunstnere!

Stoga scenecamp er en uke residensopphold for kunstnere innen alle forskjellige retninger.

Inkludert i residensoppholdet er kost, losji og øvinglokale.

Visningsdagen er 1. august - om du har lyst å komme å se på, er det bare å holde av dagen. Nærmere klokkeslett for når visningene starter kommer i dagene før visningsdagen. Etter visningene er det mulighet for å melde seg på felles middag i Stoga, og henge ut i cafeen.





YMSE

SOMMAROPEN STASJON PÅ BYGLANDSFJORD

I perioden 4. juli til og med 9. august held **Byglandsfjord stasjon open laurdag og søndag frå kl. 11 til kl. 16**. Den gamle togrestauranten er utgangspunktet. Der er det enkle utstillingar som formidlar historia til stasjonsområdet, lokal samferdselshistorie og Byglandsfjord. Det vil også bli mogleg å låna/levera bøker frå Bygland folkebibliotek som har filial i stasjonsbygningen.

Togrestauranten vil tilby enkel servering av drikke og noko å bita i. Det vil bli gjennomført omvisingar på området og diverse underhaldning som konsertar, framføringar og foredrag med lokale aktørar. Mellom anna kjem **Setesdal toradarlag** på besøk laurdag 11. juli kl. 14.00.

Program for opningsdagen laurdag 4. juli:

- 11.00: Offisiell opning v/Torgeir Moseid
- 13.00: Omvising v/Torgeir Moseid
- 14.00: Omvising på DS Bjoren og i Bjorenhuset
- 15.00: Omvising v/Torgeir Moseid

OSE MATMARKNAD 11./12.07.

Salsbodane er samla i det vesle sentrumet i Ose, ramma inn av den gamle "Storstoga", Ose Turistheim, Ose Ullvare, Ose Grendehus og Coop Marked Ose.

På Ose Grendehus er det etegilde med tradisjonsmat der du kan få kjøpt: Korv m/komle el. poteter, Komper, Setesdalssuppe, Rjomegraut og Spekemat
Gratis inngong på marknaden.

Opningstider:

Laurdag og sundag: 11.00-17.00 - Parkeringavgift kr 100



GAMAVEKA EXTREME 2026

PARAGLIDER OG HANGGLIDER FESTIVAL PÅ BYGLAND, 17.-26. JULI 2026

Stad: Prestneset på Bygland og fjella på Setesdal Austheia.

Paragliding, hanggliding, helikopterløft, vinsjing, kurs, tandemhopp; sal av brukt utstyr; underhaldning for barn; camping for deltakarar på Prestneset.

Arrangør: Bygland Luftsportklubb;

Informasjon: www.blisk.no; facebook.com/gamaveka



Bilete: Bygland Luftsportklubb

KULTURPATRULJA - FOLKEMUSIKK OG -DANS

Veke 29: 13.07. kl. 14 Stoga, Bygland; **15.07.** kl. 12 Bjoren, Bygland; kl. 14.30 Neset Camping, Byglandsfjord

Veke 30: 20.07. kl. 17 Revsnes hotell, Byglandsfjord; **21.07.** kl. 13 Coop Ose, Ose; kl 14.30 LAndeskogen kunstsanatorium, Grendi; **22.07.** kl 12 Bjoren, Bygland, 12.30 Neset Camping, Byglandsfjord, kl 13.30 Bjoren, Bygland, kl 14 Stoga






TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

Tømekalender i Bygland kommune

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

Bygland kommune tenestetorget. Tlf: 37 93 47 00. E-post: post@bygland.kommune.no
E-post: post@smg-iks.no. www.smg-iks.no. Tlf: 901 94 724



Grøn dunk = Papir
Plastsekk = Plast



**Merknad: Syrtveit Avfallsanlegg Evje, fri levering av sortert husholdningsavfall.
Tysdag kl. 08.00–14.30. Torsdag kl. 08.00–18.00. 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00**

Juli		August		September		Oktober		November		Desember	
O 1	L 1	L 1	T 1	T 1	T 1	T 1	S 1	S 1	T 1	T 1	
T 2	S 2	S 2	O 2	O 2	F 2	F 2	M 2	M 2	O 2	O 2	
F 3	M 3	M 3	T 3	T 3	L 3	L 3	T 3	T 3	T 3	T 3	
L 4	T 4	T 4	F 4	F 4	S 4	S 4	O 4	O 4	F 4	F 4	
S 5	O 5	O 5	L 5	L 5	M 5	M 5	T 5	T 5	L 5	L 5	
M 6	T 6	T 6	S 6	S 6	T 6	T 6	F 6	F 6	S 6	S 6	
T 7	F 7	F 7	M 7	M 7	O 7	O 7	L 7	L 7	M 7	M 7	
O 8	L 8	L 8	T 8	T 8	T 8	T 8	S 8	S 8	T 8	T 8	
T 9	S 9	S 9	O 9	O 9	F 9	F 9	M 9	M 9	O 9	O 9	
F 10	M 10	M 10	T 10	T 10	L 10	L 10	T 10	T 10	T 10	T 10	
L 11	T 11	T 11	F 11	F 11	S 11	S 11	O 11	O 11	F 11	F 11	
S 12	O 12	O 12	L 12	L 12	M 12	M 12	T 12	T 12	L 12	L 12	
M 13	T 13	T 13	S 13	S 13	T 13	T 13	F 13	F 13	S 13	S 13	
T 14	F 14	F 14	M 14	M 14	O 14	O 14	L 14	L 14	M 14	M 14	
O 15	L 15	L 15	T 15	T 15	T 15	T 15	S 15	S 15	T 15	T 15	
T 16	S 16	S 16	O 16	O 16	F 16	F 16	M 16	M 16	O 16	O 16	
F 17	M 17	M 17	T 17	T 17	L 17	L 17	T 17	T 17	T 17	T 17	
L 18	T 18	T 18	F 18	F 18	S 18	S 18	O 18	O 18	F 18	F 18	
S 19	O 19	O 19	L 19	L 19	M 19	M 19	T 19	T 19	L 19	L 19	
M 20	T 20	T 20	S 20	S 20	T 20	T 20	F 20	F 20	S 20	S 20	
T 21	F 21	F 21	M 21	M 21	O 21	O 21	L 21	L 21	M 21	M 21	
O 22	L 22	L 22	T 22	T 22	T 22	T 22	S 22	S 22	T 22	T 22	
T 23	S 23	S 23	O 23	O 23	F 23	F 23	M 23	M 23	O 23	O 23	
F 24	M 24	M 24	T 24	T 24	L 24	L 24	T 24	T 24	T 24	T 24	
L 25	T 25	T 25	F 25	F 25	S 25	S 25	O 25	O 25	F 25	F 25	
S 26	O 26	O 26	L 26	L 26	M 26	M 26	T 26	T 26	L 26	L 26	
M 27	T 27	T 27	S 27	S 27	T 27	T 27	F 27	F 27	S 27	S 27	
T 28	F 28	F 28	M 28	M 28	O 28	O 28	L 28	L 28	M 28	M 28	
O 29	L 29	L 29	T 29	T 29	T 29	T 29	S 29	S 29	T 29	T 29	
T 30	S 30	S 30	O 30	O 30	F 30	F 30	M 30	M 30	O 30	O 30	
F 31	M 31	M 31	T 31	T 31	L 31	L 31	T 31	T 31	T 31	T 31	

Nesmoen Gjenvinningstasjon. Opringstider: 2. onsdag i månaden kl 14.00–18.00 og 4. laurdag i månaden kl 10.00–13.00. Stengt 26.12



KVA SKJER I BYGLAND JULI 2026

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



Gamaveka, luftsportfestivalen på Prestneset - 17.-26. juli

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
alle dagar	Bygland museum	kl. 10-16	Opent museum
alle dagar	Bygland turistkontor i Stoga kafé	kl. 11 -17	Open turistkontor og kafé
alle dagar	Landeskogen kunstsanatorium, Grendi	kl. 11 - 17	Open utstilling Over Heia
laurdagar og sundagar	Byglandsfjord stasjonsområde	kl. 11 -16	Sommaropen stasjon
laurdagar og sundagar	Skulehuset på Tveit; Tveit i Bygland	kl. 12 -17	Sommar kafé
laurdag 04.07.	Bjoren Brygge, Prestneset, Bygland	kl. 21	Konsert med Cabaleros
sundagar og onsdagar	D/S Bjoren; Byglandsfjord og Bygland	kl. 12	Tur med DS Bjoren; turplan: bjoren.no
sundag 05.07. og 12.07. og 29.07	- Austadneset, Ose - KVS Bygland - Sandnes kapell, Sandnes	- kl. 12 - kl. 11 - kl. 18	(Friluft-) Gudsteneste
laurdag 11. og sundag 12.07.	Ose Matmarknad; Ose i Bygland	kl. 11 - 17 begge dagar	Ose Matmarknad
fredag 17. - sundag 26.07.	Bygland luftsportsklubb; Prestneset, Bygland	heile dagen	Gamaveke Extreme 2026
laurdag 18.07.	Bygland IL; Brygga, Bygland	kl. 9	Bygland triatlon